



Kommunal- og distriktsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Bremanger kommune – utmelding av register for godkjenning og kontroll (Robek)

Bremanger kommune er registrert i Robek med heimel i kommunelova § 28-1 første ledd. Grunnlaget for registreringa er bokstav c.

Bremanger kommunestyre vedtok i møtet 16. juni d.å. rekneskapen for 2021. Kommunen vart meldt inn i Robek i juni 2008 etter større meirforbruk (underskot) som følgje av Terra-sakene. Sett i samanheng med storleiken på underskota frå 2007 og 2008 og seinare svært usikre og ulovlege derivatavtalar, har kommunen arbeidd systematisk og målretta slik at alt meirforbruk frå tidlegare år er no dekt inn. Vi har difor glede av å melde at det er grunnlag for å ta Bremanger kommune ut av registeret, med heimel i kommunelova § 28-5 tredje ledd.

Kommunen har eit disposisjonsfond på 7,6 mill. kroner ved utgangen av 2021. Etter budsjett- og økonomiplan for 2022 – 2025, planlegg Bremanger å styrkje økonomien gjennom å byggje opp disposisjonsfondet til ein reserve og at driftsresultatet på sikt kan bidra til eigenfinansiering av investeringar. For at kommunen skal få til dette, er det avgjerande at kommunen styrer og gjennomfører aktiviteten i drifta etter kommunestyret sine vedtekne rammer i budsjett og økonomiplan. Det er såleis heilt nødvendig å skaffe balanse i den løpande drifta, byggje seg opp ein tilstrekkeleg buffer til å møte uføresette hendingar, og særleg gjeld dette usikkerheita knytt til framleis endringar for derivatavtalane.

I tida som Robek-kommune har ikkje lånegjelda til Bremanger auka, men kommunen planlegg ein vesentleg auke i lånegjelda samanlikna med driftsinntektene. Vi har tilrådd at kommunen må ha ein god og langsiktig plan for prioritering av nye investeringar som skal finansierast med lån, og særleg sett i samanheng med behovet for tenester ut frå demografiske endringar slik dei er forventa for kommunen i framtida.



Ved inngangen til 2022 hadde Vestland to kommunar i Robek: Gloppen og Bremanger. Gloppen kommunestyre har nyleg gjort vedtak om å godkjenne rekneskapen for 2021 med inndecking av resterande meirforbruk. Det er difor gledeleg, både for kommunane og Statsforvaltaren, at det no ikkje lenger er kommunar i Vestland som er registrerte i Robek.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fungerande statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Vedlegg: Skjema for utmelding

Kopi til:

Bremanger kommune

Postboks 104

6721

SVELGEN